



**Ål kommune**

# **Retningslinjer for tilskot til kulturarbeid**

**Vedteke i Formannskapet**

**21.02.11, sak 18/11**

**Administrativ revidering etter oppstart SUKO,  
oktober 2011**

**Administrativ revidering etter K-sak 32/13 Grendehus i Ål,  
Hausten 2013**



## Innhald

<b>1. MÅL OG VERKEMIDDEL.....</b>	<b>3</b>
<b>2. TILSKOTSORDNINGAR .....</b>	<b>4</b>
2.1 TILSKOT TIL DRIFT OG AKTIVITETAR I ORGANISASJONANE (ÅRLEGE KULTURILSKOT) .....	4
2.2 TILSKOT TIL GRENDEHUS .....	4
2.3 TILSKOT TIL KULTURARRANGEMENT OG PROSJEKT .....	5
2.4 ARRANGEMENTSFOND .....	5
2.5 TILSKOT NYE LAG .....	6
2.6. TILSKOT TIL AKTIVITETAR FOR FUNKSJONHEMMA.....	6
2.7. INTEGRERINGSTILSKOT.....	6
2.8 TILSKOT TIL RUSFØREBYGGJANDE TILTAK.....	6
2.9 STIPEND TIL UNGDOM .....	7
2.10 KULTURPRIS.....	8
<b>3 MISBRUK.....</b>	<b>8</b>

## 1. MÅL OG VERKEMIDDEL

### Overordna mål for kulturplan 2010 – 2015:

1. Ål skal vere ein kommune der kultur blir sett på som **eigenverdi** – det vil si som ein kvalitet vi legg vekt på i planlegging av tenestetilbodet.
2. Vidareutvikling av **Ål kulturhus** skal stå sentralt i planperioden.
3. Den **frivillige innsatsen** i kulturlivet skal stimulerast og støttast.
4. Innhaldet i kommunen si kultursatsing skal vere prega av **samhandling** med ulike aktørar i samfunnslivet.
5. **Kulturbasert næring** skal utviklast vidare.
6. Kulturlivet skal vere **for alle**.

*Kunsten, kulturen og fritidstilboda skal vere for alle kommunen sine innbyggjarar, hyttefolk, turistar og andre tilreisande. Kommunen skal leggje til rette for at nye kulturelle møteplassar vert skapt.*

*Det er ei viktig utfordring å auke kulturaktiviteten blant born, unge og ei veksande gruppe av eldre. Kommunen har ansvar for tilrettelagde aktivitetar i eit folkehelseperspektiv. Det er viktig å skape forståing for at store helse- og velferdsgevinstar kjem av auka fysisk og kulturell aktivitet. Dette vil først og fremst skje ved at lokale lag og organisasjonar, eldsjeler og innbyggjarar som ynskjer å setje i gang aktivitet får relevant støtte frå kommunen.*

(Henta frå Kulturplan 2010-2015- strategisk plan for utvikling av kultur i Ål kommune)

## 2. TILSKOTSORDNINGAR

Organisasjonar, institusjonar og personar i Ål kommune kan få tilskot til kulturarbeid. Det same kan gjevast til regionale organisasjonar som har medlemmer i Ål. Tilskot er avhengig av at det til ei kvar tid er løyvd midlar til ordninga. Tilskot blir gjeve innanfor ramma av vedteke budsjett.

Det blir til vanleg ikkje gjeve tilskot til lands- og fylkesorganisasjonar.

Organisasjonar som primært har som oppgåve å ta vare på medlemene sine yrkes- og eller økonomiske interesser og organisasjonar som ikkje er opne for alle, kan ikkje rekne med å få tilskot.

Reint kommersielle tiltak har til vanleg ikkje rett på tilskot.

### 2.1 Tilskot til drift og aktivitetar i organisasjonane (Årlege kulturtilskot)

Tilskotet er samansett av fylgjande stønadsformer:

1. Driftstilskot basert på aktivitetar. Dette kan gjevast til alle organisasjonar som driv opne, faste, planlagde og kostnadsrekna aktivitetar heilårs- eller sesongbasert). Lag og organisasjonar som skipar til aktivitet for og med born og unge vert prioritert. Einskildarrangement må søkje arrangementsstønad (sjå andre ordningar i retningslinene)
2. Vedlikehalds- og driftstilskot til bygg og anlegg
3. Tilskot til leiarutdanning blir gjeve til organisasjonar som har hatt tillitsvalde på leiarutdaningskurs som har å gjera med vedkomande sitt arbeid i organisasjonen. Trenaropplæring kjem inn under dette.

Ål kommune har ingen faste satsar for slike tilskot. Kommunen vurderer organisasjonen sin storleik, alderssamansetjing og kostnaden for aktiviteten.

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen
- Søknadsfrist: Årleg, til vanleg i desember
- Ål idrettsråd og Ål musikkråd gjev tilråding om fordeling av driftsmidlar til idrettsorganisasjonar og song- og musikklag. Sektorutval for kultur og oppvekst avgjer dei årlege tildelingane.

### 2.2 Tilskot til grendehus (revidert hausten 2013, etter vedtak i K-sak 32/13)

Det vert gjeve tilskot til vedlikehald av forsamlingshus som ligg i grender utan kommunalt eigde bygg og dermed tener som grendehus: Votnahall, Breie grendehus,

Oppheim grendehus (og Vats skule). Søknaden skal innehalde prosjektskildring, kostnadsoverslag og plan for finansiering.

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen
- Søknadsfrist: Årleg, til vanleg i desember
  - Sektorutval for kultur og oppvekst avgjer dei årlege tildelingane.

### 2.3 Tilskot til kulturarrangement og prosjekt

Tilskot til kulturarrangement og prosjekt blir gjeve til:

1. Tilskippingar av teater, konsertar, utstillingar og andre kunst- og kulturformidlingstiltak
2. Tilskippingar av lokale kurs og konferansar
3. Tilskot til dokumentasjon av kulturuttrykk med lokalhistorisk verdi gjennom produksjonar av cd-ar, bøker og andre media (Kap 5.1.7 kulturplan)

Søknaden må innehalde prosjektskildring, kostnadsoverslag og plan for finansiering. Arrangementet skal vera ope for dei som måtte ynskje å delta.

Ved all annonsering skal det gå klart fram at arrangementet/ prosjektet er støtta av Ål kommune.

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen. Viss dette skjemaet ikkje er hensiktsmessig utforma for eigenarten av søknad, kan søker skriv eitt ordinært brev.
- Song- og musikklag søker direkte til Ål musikkråd
- Søknadsfrist: 14 dagar før gjennomføring av eventuell tilstelling eller oppstart av prosjekt.
- Søknadene vert handsama og avgjort administrativt.

### 2.4 Arrangementsfond

I 1996 vart det oppretta eit arrangementsfond i Ål kommune. Friviljuge lag som har teke på seg større arrangement, landsomfattande årsmøte/stemne/mønstringar, osb, kan søkje om tilskot frå dette fondet. Ein føreset at arrangementet har høg marknadsføringsverdi for Ål. Fleire opplysningar og retningslinjer får du ved å vende deg til næringskonsulenten/ Utviklingsavdelinga.

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen
- Søknadsfrist: i forkant av arrangementet
- Søknader vert handsama og avgjort administrativt (næringskonsulenten i samråd med kultursjefen og evt fleire)

*Retningslinjer for arrangementsfondet skal vurderast revidert i samband med*

---

evaluering av retningslinjer for næringstilskot våren 2011.

## 2.5 Tilskot nye lag

Nystifta lag med minimum 10 medlemmer, kan søkje om oppstartstilskot på 2 000 kroner

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen
- Søknadsfrist: Ingen
- Søknadene vert handsama og avgjort administrativt

## 2.6. Tilskot til aktivitetar for funksjonshemma

Ål kommune ynskjer å stimulere frivillige organisasjonar som gjennom aktivitetar aukar deltaking for **alle** i kulturlivet. Organisasjonar som tilbyr aktivitetar/ gjer særskilde tilrettelagte tiltak for personar med fysiske og psykiske funksjonshemmingar kan søkje om tilskot (Kap. 3.1.1 Kulturplan).

Søknaden skal innehalde plan for gjennomføring, målgruppe og eit kostnadsoverslag

- Søknadsskjema: Ingen
- Søknadsfrist: Ingen
- Søknadene vert handsama og avgjort administrativt

## 2.7. Integreringstilskot

Ål kommune ynskjer å stimulere frivillige organisasjonar som skapar gode møteplassar for fleirkulturell aktivitet. Organisasjonar som arbeider konkret for auka integrering av personar med annan kulturbakgrunn kan søkje om tilskot til einskildarrangement og prosjekt (Kap 3.1.1 Kulturplan).

- Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen
- Søknadsfrist: ingen
- Søknadene vert handsama administrativt (kultursjefen i samråd med leiaren av flyktingtenesta)

## 2.8 Tilskot til rusførebyggjande tiltak

Kommunestyret har vedteke at overskotet frå skjenkeavgiftene i kommunen skal gå til førebyggjande edruskapsarbeid. Målgruppa skal primært vera barn og ungdom. Ein del av desse midlane går til prosjekt initiert av kommunen sjølv, men kommunen

---

oppmodar frivillige lag og organisasjonar å søkje om tilskot til tiltak. Inntektene frå kommunale skjenkeavgifter skal brukast til edruskapsfremjande arbeid, fyrst og fremst blant barn og unge i Ål. Ramma for kva som er førebyggjande er ganske vid. Om tiltaka er direkte eller indirekte førebyggjande, kan dei vera like positive.

Kriteria nedanfor er såleis ei god rettesnor:

1. Tiltaket må vera i ein total rusfri samanheng.
2. Midlane bør ikkje gå direkte til honorar, men kan gå til tilrettelegging av arrangement.
3. Midlane bør ikkje gå til drift av lag, men kan gå til haldningsskapande prosjekt, aktivitetar og investeringar innanfor laga.
4. Tiltak som skal få tilskot bør vera innanfor Ål kommune, eller i regionen med Ål som deltakar i tiltaket.
5. Søknader om tilskot på under kr 5.000 kan avgjerast av administrasjonen.

- Søknadsskjema: Ingen
- Søknad skal sendast til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no)
- Søknadsfrist: 14 dagar før gjennomføring av arrangementet eller oppstart av prosjekt.
- Søknadene vert handsama av Ål ungdomsråd eller administrativt ( Ungdomskonsulenten i samråd med kultursjefen)

## 2.9 Stipend til ungdom

Ål kommune vedtok i Kulturplan 2010-2015 å dele ut eitt kulturstipend og eitt idrettsstipend til ungdom årleg. Stipenda er på 10 000 kroner kvar. Målet er å premiere ungdom som lukkast med prestasjonar i sine aktivitetar og på dette vis representerar lokalsamfunnet Ål på ein framifrå måte. Stipendet skal gje ungdomane inspirasjon og høve til å vidareutvikle seg innan sitt felt.

Kriteria for tildeling av stipend:

1. Stipendet skal gå til einskildpersonar eller/og grupper av personar som har bustadadresse i Ål
2. Aldersgruppe: 15-24 år
3. Den einskilde ungdom kan sjølv søkje om stipend og andre kan sende inn framlegg til kandidatar
4. Det skal leverast ei grunngjeving med søknaden / framlegget

Dei ulike kandidatane kan drøftast med relevante fagmiljø (Ål idrettsråd, Ål musikkråd, utøvande/ fagpersonar innan aktuelle felt).

Sektorutval for kultur og oppvekst vurderer søknadene og avgjer tildelinga.

- Søknadsfrist: Årleg, til vanleg i november
- Søknadsskjema: ingen
- Alle framlegg skal sendast til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no)

- Sektorutval for kultur og oppvekst vurderer søknadene og avgjer tildelinga.

## 2.10 Kulturpris

Ål kommune deler ut kulturpris dersom det er nokon kommunen ynskjer å heidre for framifrå arbeid for kulturlivet i bygda. Alle som ynskjer det kan koma med grunnjevne framlegg til kandidatar. Sektorutval for kultur og oppvekst kan sjølv koma med framlegg til kandidatar.

- Søknadsfrist: Årleg, til vanleg i november
- Søknadsskjema: ingen
- Alle framlegg skal sendast til [postmottak@aal.kommune.no](mailto:postmottak@aal.kommune.no)
- Sektorutval for kultur og oppvekst vurderer søknadene og avgjer tildelinga.

## 3 MISBRUK

Dersom ein person, organisasjon eller institusjon bryt føresetnadene for tilskot etter desse retningslinene, kan vedkomande miste retten til tilskot i eitt eller fleire år. Ål kommune kan i etterkant av utbetalinga krevje å få sjå endeleg rekneskap og disponering av utbetalte tilskot.